



Arkivnr: 2016/9267-2

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

## Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2017

### Samandrag

Etter reglementet skal godtgjersla til dei folkevalde regulerast i samsvar med tariffjusteringar. Denne saka gjeld slik regulering etter tariffoppgjeret i 2017.

**Økonomi:** Ubetydeleg verknad. Det er lagt til grunn i budsjettet at godtgjersla til folkevalde skal følgje lønsutviklinga i kommunesektoren.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ikkje aktuelt

### Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,4 % pr. 1. mai 2017 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 911 400,-.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 2,4 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.09.2017**

Etter reglementet skal godtgjersla til dei folkevalde regulerast i samsvar med tariffjusteringar.

I følgje KS er årslønsveksten for kommunesektoren frå 2016 til 2017 rekna til 2,4 %.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å auke godtgjerslesatsane til folkevalde med 2,4 % frå 1. mai 2017. Utrekningsgrunnlaget vert auka frå kr 890 000 til kr 911 400.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert også auka med 2,4 %.